



Innovasjon Norge, Hordaland
Postboks 7322
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/164 - 16/1084

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

21.01.2016

Sluttrapport og rekneskap etablerarstipend Gripen Gard 35/2

Me har motteke sluttrapport og rekneskap frå Gripen Gard. Det vart innvilga eit tilskot på kr. 50 000 03.03.14 og det vart sett opp ei godkjent kostnadsramme på kr. 100 000.

Samanhalde med søknaden er det ordna opp i sanitærforholda, foretaket har endra namn og søkjar står no som innehavar av dette. Det er gjennomført kurs i HMS, og KSL skal vera i orden. Miljøplan er utarbeidd etter dåverande regelverk. I ny kommuneplan som vart vedteke i 2015 er det sett av areal til LNF-spreidd næring som opnar for å utvikla næringsdelen vidare, etter innspel frå søkjar.

Det er arbeidd mest med å få til eit dagtilbod for demente, og det er gjort fleire tiltak for å undersøkje marknaden. Meland kommune har hatt signalisert at dei ynskjer å ta inn tiltaket i kommunale planar. Garden er no tilrettelagt for å ta i mot demente, men kommunen er i ein prosess i høve til å finansiera eit slikt opplegg. Det er gjennomført både hospitering og gardsbesøk.

Det har vore prøvdt ut besøk med fleire ulike grupper, og det er komen mange positive tilbakemeldingar på plassen og vertsskapet. Det er gjennomført kurs, og det ligg godt til rette for å utvikla dette vidare. Gripavikje er allereie eit mykje brukt friluftsmål, og tanken med å leggja til rette for overnatting utanom det vanlege er spennande. Det er komen opp ein lavvu og det skal verta spennande å følgja lavvu prosjektet på Holmen og korleis det vert møtt i marknaden. Dei naturgjevne føresetnadane er i alle fall til upåklagelege.

Verdens minste gardsbutikk er ein opplevelse i seg sjølv, men det er og positivt at enkelte produkt er i sal på Kulinarisk – som sel lokalmat/meir eksklusiv matprodukt i Knarvik. Både innpakning og logo er delikat og innbydande.

Søkjar har vore dyktig på å marknadsføra garden, det har vore ei rekke avisoppslag og ho legg jamnleg ut bilder at dyr og aktivitetar, slik at Gripen er i ferd med å verta godt kjent i regionen. Det har og vore viktig å byggja nettverk og ho har delteke på mange kurs og samlingar.

Det er vore eit vanskeleg siste halvår på grunn av kneskade og familiære forhold, og det har nok lagt ei brems på framdrifta. Vonlegvis vil det som er uavklart løysa seg i dei nærmaste månadane. dei ulike produkta er soleis testa ut.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oversikt kostnader	
utlegg jf fakturar	30 068
kjøring	5 818
Tal timar 823*300 kr/t	246 900
Sum kostnad	282 786

Kommunen har tidlegare vore i kontakt med Innovasjon Norge i høve til at det står ein del eksterne kostnader i løyvinga, og stilt spørsmål ved korleis dette er tenkt. Både prøveproduksjon, produktutvikling, gardsopplevingar m.m er ting som søkjar sjølv har stått for heime på garden, og det er vanskeleg å sjå for seg at nokon skulle vera innleigd til å gjera dette slik at dei vart ein ekstern kostnad. Det er brukt mange fleire timar enn kostnadsramma for løyvinga, og kostnaden med det som er kjøpt inn er lågare enn den godkjente kostnadsramma. Kommunen vil likevel rå Innovasjon Norge til å godkjenne prosjektet fordi det er gjennomført som planlagt og det er lagt ned ein stor eigeninnsats langt utover kostnadsramma på prosjektet.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sluttrapport Innovasjon Norge - Gripen Gard
Dagtilbod for demente på Gripen gard i Gripen
timelister Gripen Gard - etablerarstipend
Sluttrekneksap Gripen
Sluttrapport –bygdeutviklingsmidlar
Timelister
Kjøreliste
Oversikt over utgifter
Samleoversyn
Bilder

Mottakere:

Innovasjon Norge, Hordaland

Postboks 7322

5020

BERGEN